

EMNE: Høgtidsmat ved familiefestar.

OPPSKRIVAV: Ånund Ramsfjell. BYGDELAG: Hjelmeland.

ADRESSE: Hjelmeland.

OPPLYSNINGAR AV: Ellen Erland f. 29/7 1873. Husmor.

-----

Når ei kona "låg på sengja" var det skikk å gå med mat eller gåver. Det vart nok gjort på andre måtar før, men slekt, vener og naboar gir eit eller anna den dag i dag. Konene går antan åleine eller fleire i lag. Før måtte ingen gå straks etter fødselen, men om 6-8 dagar etter, kona måtte først verta sterk og frisk. No går konene om 4-5 dagar. Før i tida var det helst berre graut dei gjekk med, t.d.: smør-, risengryn- eller fløytegraut. Dravle, lepser og vafler, alt i ei stor førnings tina med dravle skåla under, og så lag på lag med vafler og lepser. Sviskesupa gjekk dei og med sume. Som sengmat idag vert brukt blomstrar, bruksting til barnet, gagnlege ting til heimen og mat, helst fløytekaker. Dersom sengkona var fatig gav dei fleire gonger. Sengmaten sendte dei eller gjekk med sjølv i Ambrar, tarinar og tiner (førningstiner). Kva dei sende eller gjekk med, så kalla dei det sengmat. Det var og er allid kona på garden som gjekk. Var det til nære skyldfolk var ofte også mannen med. Ei kona som sende sengmat kalla dei sendingkona. Ho måtte allid få mat der ho kom, helst av det andre var komne med før henne, (smaka på maten). Idag er det meir slik at konene sender og går på visit seinare. Kjem dei ikkje vert dei bedne, helst etter at barnet ~~har~~ <sup>hadde</sup> vore til dåpen. Alt var på same måten om det var ugifte mødre. Det er 20-30 år sidan omskiftet med sengmatsending. Det var helst kona som skulle ha noko før, No er det helst barnet. Barsel, selaba eller selabo kalla dei dåpsdagen, då vart slekt og vener bedne. Dei hadde allid førning med seg. Det er meir slutt no. Men det er meir brukt å gi fadder gåva.

Det var og er ulike g ver, gjerne st rst fr  den som bar barnet. F dedagar vart lite p  akta f r i tida . No er det meir  lment b de for store og sm  og d  helst ved runde tal. Dersom folk bed til slike dagar kjem berre bedne. Men ofte er det "fritt f re" og d  kjem kven som vil. Og g ver til jubilanten er vanleg. I gamle dagar var maten   dravle, vafler og lefsa. No er der julebr d, sm k ker og blautk ker. Konfirmasjon ~~var~~ var svert enkel f r. "Det er andre boller no". Mange folk, masse mat, og masse presangar. Det er 30-40  r didan folk byrja   vera s  f  flotte. Fadrane vert allid bedne til desse festane likeins ogs  slekt og vener. Prest og l rar vil alle, gjerne ha med. Dei som var bedne sende alltid f rning, det er det, helst slutt, med no. Men no er det meir presangar, og det oftex  "storligen" og, Mange som ikkje var bedne sende og g ver, dei vart d  bedne i like stort selskap seinare. Rettane var "gode og utvalde" som omtalt ved barsel. Trulovings selskap i eldre tid var visst ikkje brukt, men no er det vanlegt. Maten i bryllaup var det beste som kunne skaffast. Om morgonen dravle, lepsa og ferskost som dei  t "berr", Middag var det fisk eller kj t, risengraut, saftsuppe eller sagosupa. "ferarus" var fast skikk. N raste slektningane m tte opp bryllaupsafta og fylgde brudgomen til bruraheimen. D  skulle dei f  mat og drikk ( l og dram) det dei ville ha. "Himkoma" var etter 2-3 dagars bryllaup, alle skulle d  til heimen  t brudgomen, det enda, med mat og drikk der og. I slike h ve m tte det og sendast f rning helst i f revegen, det var helst ungdom og tenest folk som gjekk med den, framkomne fekk dei som eit lite gjestebod eller litt i handa for sjauen, men desse fekk ikkje med sending heimatt, det vart ordna etter bryllaupet av "reik n kona". K kemeister vart allid brukt, det var oftast mannen til reikona dersom han var bruk nde.

3.

Denne mannen måtte helst vera noko uvanleg både i mål og mæle, kunne han syngja var det bra. Det er lenge sidan fr folk slutta med slike store bryllaup. Ofte hender det at dei leigar hotel og får det gjort der, eller dei får seg x vigd på prestekontoret, med berre næraste slekta om seg etterpå. Men gåver får dei då og, også frå folk som ikkje var bedne. Årsmålsdagane for bryllaup v<sup>e</sup>rt ikkje ensa aktande før ved sølv og gull tida. Då v<sup>e</sup>rt atter slekt og vener bedne, og gåver v<sup>e</sup>rt gitt.

Når det var gravferd bad dei ~~ix~~ slekt, vener og naboar, Ei eldre kvinna når det var død eldre folk, og ei yngre når det var yngre, gjekk frå hus til hus og bad dei gje-  
ra vel og fylgja den døde til grava. Denne kvinna sat ei stund, reiste seg så, og i ålvorlege og høgtidelege former bar ho så fram erendet sitt. Gravferdsfolk dom kom langvegsfrå møtte fram om aftan, då fekk dei som mat graut. Slechtsfolket reiste tridjedagen. Øl og dram var vanleg traktement, og det hende at sume drakk seg fulle. Maten vart servert på langbord, og førning var vanleg. Den hadde dei helst med seg. Og "attilegg" fekk dei når dei for heimatt. Slik var det like til for ca. 40-50 år sidan. Alt er mykje enklare no. Alle averterar dødsfalle i avisen, og ber til gravferds med det same. Oftast møter folk-  
et i heimen, bedehus eller kyrkja, får oftast kaffi og mat på førehand, går så til kyrkjegarden, får takk for frammøte og/eller vert bedt med til heimen att, der det då er middag. Stundo<sup>m</sup>er det berre slekt og langvegsfarande som v<sup>e</sup>rt bedne med heim. Der vert det då som oftast halde minnegudstenesta. Så er det slutt.

Førning er det lite no, men meir blomster.

Et 17 mai vart lite gjort vesen av i eldre tid. Ungdom samlast stundom, hadde då som litt fest med fløyte kolla

med sukker og kavring i. Idag er det stor festing både  
offentleg, og slekt og vener seg i mellom.

Mor og fars dagen vert lite påakta, kanskje vert det med  
små gaver.